

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 01.03.2005 **Tid:** 15.00-18.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 6, inkl. 0 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Liv Berit Khadoor

I staden møtte:

ingen

Andre som var tilstades på møtet: Ordførar Marit Aase, Ped.konsulent Steinsland og ass.adm.sjef Våge, sogeskrivar Svein Egil Kvale i meldingssak om sogearbeidet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 4. mars 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Ingen hadde noko å ta opp under utvalet sitt kvarter

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Ass.adm.sjef orienterte om at kommunen tek sikte på ei **markering av 100 årsjubileet** for unionsoppløysinga den 4 juni. Arrangementet vil verte i samband med opning av kulturstien. Me tek sikte på at markeringa vert eit samarbeid mellom tusenårsgruppa, ungdomsskulen, ytre Tysse vel og historielaget.
- Ass.adm.sjef orienterte om **opninga av kulturstien den 4 juni**. Kvar husstand vil få ei brosjyre om stien i posten før opninga. Brosjyra er under trykking.
- Ass.adm.sjef orienterte om **brukarundersøkinga kommunen har gjennomført både i skulane og barnehagane**. For skulane vil rektorane saman med ass.adm.sjef delta i eit effektiviseringsnettverk der dei vil gå djupare ned i undersøkinga og samanlikne Samnanger med dei andre kommunane i nettverket. Det vil verte lagt fram forslag til tiltak for oppvekst og omsorg etter denne samlinga. For sosialtenesta vil det verte gjennomført brukarundersøking i løpet av juni. Denne vil verte gjennomført av to studentar som er utplassert i praksis i denne perioden. For helsetenesta er det pr. i dag ikkje ferdig utarbeidde undersøkingar. Ass.adm.sjef vil utfordre KS til å lage brukarundersøking på dette området og.
- Ass.adm.sjef orienterte **administrativt vedtak sak 02/05; Beredskapsplan for helse- og sosialtenestene** for Samnanger kommune.
- **Pedagogisk konsulent orienterte om:**
 - Administrativt vedtak sak 013/04; delegeringsreglement – vedtak i tråd med opl.§§1.2 tilpassa undervisning og 5.1 spesialundervisning delegerast til rektorane.
 - Administrativt vedtak sak 014/04; delegeringsreglement opplæring vaksne innvandrarar – delegert til rektor ved Samnanger ungdomsskule.
- **Svein Egil Kvale orienterte om slektssogearbeidet**. Han viste med eksempel metode og oppbygging av slektssoga. Han vil rette opp evt. feil i Samnanger II og tek sikte på å verte ferdig til juli 2007. Utvalet/styringsgruppa inviterer han til nytt møte i nov/des 2005.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0002/05	05/00064	KULTUR FOR LÆRING - KUNNSKAPSLØFTET MÅLSETTING FOR SKULANE I SAMNANGAR KOMMUNE

0002/05

**KULTUR FOR LÆRING - KUNNSKAPSLØFTET
MÅLSETTING FOR SKULANE I SAMNANGER KOMMUNE**

Framlegg til vedtak::

Vert lagt fram utan tilråding

Handsaming i møte:

Framlegg;

Samnanger kommune sine målsettingar for skulane 2005-08

Hovudmål *Ein god stad å vera,
ein god stad å læra*

Delmål - Læringsutbytte

- ✿ Læringsutbytte; - Elevane skal ha eit optimalt læringsutbytte. Undervisninga skal vera spanande og engasjerande for både elevar og lærarar.
- ✿ Strategi; Gje tilpassa opplæring for den einskilde elev på alle trinn. Skulane nyttar ulike læringsstrategiar og læringsstilar. Skulane legg til rette for det 13-årige løpet.

Delmål - Læringsmiljø

- ✿ Elevane skal ha eit læringsmiljø der det er høg grad av elevmedverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing og eit godt fysisk miljø.
- ✿ Strategi; Skulane utviklar system der elevar og foreldre påverkar arbeidsmåtar. Elevane får positiv støtte og rettleiing i sin skulekvardag. Skulane vert digitale skular. Skulane innfører dagleg skulelunsj, fysisk aktivitet og leksehjelp.

Utvalet slutta seg til framlegget.

Vedtak:

Samnanger kommune sine målsettingar for skulane 2005-08

Hovudmål *Ein god stad å vera,
ein god stad å læra*

Delmål - Læringsutbytte

- ✿ Læringsutbytte; - Elevane skal ha eit optimalt læringsutbytte. Undervisninga skal vera spanande og engasjerande for både elevar og lærarar.
- ✿ Strategi; Gje tilpassa opplæring for den einskilde elev på alle trinn. Skulane nyttar ulike læringsstrategiar og læringsstilar. Skulane legg til rette for det 13-årige løpet.

Delmål - Læringsmiljø

- ✿ Elevane skal ha eit læringsmiljø der det er høg grad av elevmedverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing og eit godt fysisk miljø.
- ✿ Strategi; Skulane utviklar system der elevar og foreldre påverkar arbeidsmåtar. Elevane får positiv støtte og rettleiing i sin skulekvardag. Skulane vert digitale skular. Skulane innfører dagleg skulelunsj, fysisk aktivitet og leksehjelp.